

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

BARNEVERN



HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; **Barnevern – Tiltak, tilsyn, rutinar**. Prosjektet er ein del av etterlevelserevisjon jfr revisjonsplan vedteke i kontrollutvalet i sak 35/15.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen v/barnevernstenesta for velvillig bistand i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik 10.11.16

Bodill Skeide

Reg.rev./cand.mag.

Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG	5
1 INNLEIING	9
1.1 Tilsyn- Fylkesmannen	9
1.2 Målsetting og problemstilling	9
1.2 Revisjonskriterier.....	10
1.2.1 Innleiing	10
1.2.2 Kjelder til kriterium.....	10
2 METODE OG GJENNOMFØRING	11
2.1 Verifisering av data.....	11
2.2 Avgrensing	11
3 PROBLEMSTILLING 1:.....	12
Følgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking?.	12
3.1 Innleiing	12
3.2 Revisjonskriterium.....	12
3.2.1 Tiltaksplan etter barnevernslova § 4-5.....	12
3.2.2 Førebels og endeleg omsorgsplan etter barnevernslova § 4-15.....	13
3.2.3 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim – omsorgsbarn	13
3.2.4 Forskrift om politiattest.....	13
3.2.5 Oppsummering.....	14
3.3 Hjelpetiltak og tiltaksplanar- fakta	14
3.3.1 Hjelpetiltak og tiltaksplanar - rapportering til Fylkesmannen.....	14
3.3.2 Hjelpetiltak før omsorgsovertaking.....	14
3.3.3 Hjelpetiltak etter omsorgsovertaking	15
3.3.4 Barnevernet sitt oppfølgingstilsyn med fosterheim.....	15
3.3.5 Politiattest	16
3.4 Vurdering.....	16
3.5 Konklusjon	17
4 PROBLEMSTILLING 2:.....	19
Følgjer kommunen regelverket m.o.t tilsynsførarrolla ?.....	19
4.1 Innleiing	19
4.2 Revisjonskriterium.....	19
4.2.1 Tilsynsførar- tilsyn med barn i fosterheim	19
4.2.2 Tilsyn med barn plassert i institusjon.....	19
4.2.3 Tilsynsførar – uavhengigheit, politiattest og rapportering	20
4.2.4 Oppsummering.....	20

4.3	Tilsynsførerordninga - fakta	21
4.3.1	Kontroll av tilsynsførerordninga	21
4.4	Vurdering	22
4.5	Konklusjon	23
5	PROBLEMSTILLING 3:	24
	Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - følger kommunen regelverket	24
5.1	Innleiing	24
5.2	Revisjonskriterium	24
5.3	Fakta	24
5.4	Vurdering og konklusjon	26
6	SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE	27
	Stillingar og nøkkeltal	27
6.1	Innleiing	27
6.2	Fakta	27
6.2.1	Stillingar	27
6.2.2	Nøkkeltal	28
6.3	Vurdering og konklusjon	29
7	SAMANLIKNING KOMMUNANE	DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta
	30	
7.1	Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon	30
7.2	Vurdering og konklusjon	32
8	ANBEFALING	32
9	RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING	33
10	REVISJONEN SIN KOMMENTAR	33
11	LITTERATURLISTE	33

SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i forbindelese med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 35/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og om tilsynsføraransvaret fungerte tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

Problemstillingar som skal belysast:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande i verksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking
2. Fylgjer kommunen regelverket m.h.t. tilsynsførarrolla.

Underveis i arbeidet kom det fram informasjon som kan vere nyttig å få belyst (innspel frå ein rådmann), og prosjektet inneheld derfor i tillegg

- 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
- 4 Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre

Barnevernstenesta i Herøy kommune er organisert under avdeling Barn, familie og helse, og inngår ikkje i det Interkommunale barnevernet på Søre Sunnmøre.

I kommunen si rapportering til SSB pr. 31.12.15 gjekk det fram at kommunen hadde 7,5 stillingar. Rapportering Fylkesmannen viste 6,5 stillingar. Rapporteringa til SSB og rapportering til Fylkesmannen var ikkje heilt samanfallande.

Problemstilling 1: Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking

Det har i kontrollperioden 2013 – 2015 vore 6 omsorgsovertakingar, der 2 vart plassert i familie/nære relasjon, men ein seinare flytta til annan fosterheim. I tillegg 1 plassert akutt i beredskapsheim.

Hjelpetiltak før omsorgsovertaking varierte i omfang og tidsrom, men der dei fleste hadde hatt fleire type hjelpetiltak og over lengre tid. Rapporteringa viste manglande tiltaksplaner på 8 av 69 born pr. 31.12.2015.

Når det gjeld tiltak etter omsorgsovertaking, hadde 4 av 6 tiltak, hovudsakleg gjaldt dette besøksheim/avlastning til fosterfamilie, men og andre tiltak til barnet/fosterheimen. Det låg føre omsorgsplan og /eller førebels omsorgsplan for alle born med omsorgsovertaking i kontrollperioden.

Det låg føre dokumentasjon m.o.t. tiltak/oppfølging av biologiske foreldre/heim, hovudsakleg retta inn mot samvær, men og ved nokre høve dialog som gjaldt oppfølging av foreldre.

Kommunen hadde totalt 9 omsorgsbarn i 2015, der 3 var plasserte i fosterheim i Herøy og resten i andre kommunar. Kontrollen viste at barnevernet sine oppfølgingsbesøk /fosterheimsbesøk varierte, der nokre hadde tilfredsstillande antal besøk, jfr krav om oppfølgingsbesøk, men andre ikkje hadde fått den rettmessige oppfølginga. Oppfølgingsdekninga var 75%, men dette er betre enn kommunar det er samanliknbare med. Iflg barnevernsleiar vert det sett i verk tiltak for å følgje opp dette ytterlegare.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar der Herøy kommune v/barnevernet var oppdragsgivar hadde blitt innhenta, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring.

Problemstilling 2 Følgjer kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla

Barnevernet har ansvar for at alle omsorgsbarn får oppnemnd uavhengig tilsynsførar, men det er fosterheimskommunen som har tilsynsansvaret. Det er krav om 4 årlege besøk. Barnevernet i Herøy hadde pr. 31.12.15 tilsynsansvar for 16 barn med fosterheim i Herøy (tilsynsbarn), herav 13 frå andre kommunar.

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Herøy kommune vart ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då over halvparten av tilsynsbarna hadde ikkje fått dei lovpålagte tilsyna i kontrollperioden. Dette skuldast delvis at oppnemnd tilsynsførarar ikkje hadde fungert, og at det hadde teke tid å få skifta ut, og/eller at tilsynsførar ikkje hadde utført dei rettmessige tilsyn for enkelte år. Barnevernet bør vurdere rutinen for oppnevning av tilsynsførar i eiga kommune, då kontrollen viste at ved fleire høve hadde det gått lang tid mellom plassering og oppnevning/tilsynstart, og barnevernet må skjerpe rutinane kring oppfølging av tilsynsførarar.

Oppfølging av kommunen sine omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar fungerte heller ikkje tilfredsstillande. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hjå fosterheim også utanfor eiga kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet.

Tilsynsførar skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernet og fosterfamilien. Det er etablert rutinar for å sjekke ut dette, og gjere dei nødvendige vurderingane, men det låg ikkje føre noko dokumentasjon eller eigenvurdering som stadfesta tilsynsførar si uavhengige rolle, eller vurderingane kring dette.

Tilsynsførar skal legge fram politiattest. Kommunen har rutine kring innhenting og registrering av politiattest, og denne fungerte, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest når det gjeld oppbevaring.

Problemstilling 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – følger kommunen regelverket

KS (Kommunenes sentralforbund) utarbeider veileiende satsar for utgiftdekning og arbeidsgodtgjersle til fosterheimar. Kommunen kan og nytte andre støtteordningar til fosterfamiliane, som t.d. frikjøp frå arbeid. Kommunen hadde ved fleire høve dekkja både arbeidsgodtgjersle og frikjøp, men og dobbel og trippel arbeidsgodtgjersle. Det vart i 2015 utbetalt ekstra arbeidsgodtgjersle/frikjøp frå arbeid og utgiftsdekning utover KS-sats ved alle omsorgsovertakingar, og dette utgjorde 1,3 mill.

Samanlikna med dei andre kommunane viste gjennomsnittleg meirutbetaling utover KS-sats pr. barn ca 160 000,-. Dette er på same nivå som Ulstein, men lågare enn Ørsta og Volda. Men kommunane har ulik måte å registrere kostnader på så her kan vere «skjulte» avvik.

Det var relativt stor variasjon i total kostnad pr. omsorgsbarn i kommunen, frå 200` til 700`. Herøy kommune hadde rutine kring registrering av alle kostnader pr. omsorgsbarn på manuelle klientkort. Økonomisystem eller Familia kunne vore nytta, for å unngå dobbeltarbeid. Dei andre kommune hadde ikkje slik registrering førebels, så denne samanlikning er ikkje muleg.

Problemstilling 4: Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre

Det vart registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det vart vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det var berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

I 2015 var Herøy kommune blant den kommunen med lågast andel nye meldingar pr. barn 0-17 år med 2,7 %, Ulstein lågast med 2,1 % og Hareid høgst andel nye meldingar 5,8 %. Kommunen var på gjennomsnittet når det gjeld barn med hjelpetiltak, med 3,5 % i aldersgruppe 0-17 år. Volda hadde mest med 4,5 %, Hareid og Ulstein lågast 2,3 %. Men når det gjaldt antal barn på hjelpetiltak pr. årsverk hadde Ørsta flest med 9,8, og Herøy 9,3. Hareid og Vanylven hadde færrast med 4,7 og 4,8. Herøy kjem gunstig ut m.o.t. barn under omsorg, 0,5 % av barn 0-17 år, der Hareid hadde flest med 1,33 %.

Herøy brukte mest pengar av kommunane til hjelpetiltak pr. barn 0-17 år, og nest minst når det gjeld barn under omsorg. Totale kostnader til barnevern utgjorde kr 6 486,- pr. barn 0-17 år. Sande brukte minst med kr 4 167,-, og Vanylven mest kr 10 974,-.

Samanlikning mellom kommunane kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (forebyggjande) får dette igjen i form av færre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart, men det var stor variasjon innan kommunane m.o.t. totale utbetalningar til fosterforeldre.

Anbefalingar

- 1 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava for tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 2 Det bør vurderast om regelverket vert tilstrekkeleg følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
- 3 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 4 Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert oppbevart i samsvar med regelverket.
- 5 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast slik dei samsvarar.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i forbindelese med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 35/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i sak 15/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og avgrensast til omsorgsovertakingar i kontrollperioden 2013- 2015. Prosjektet skulle og omfatte kommunen sitt tilsynsføraransvar, om dette fungerer tilfredstillande.

Barnevernstenesta i kommunen er organisert som ein del av avdeling Barn, Familie og Helse. Det var 7,5 stillingar knytt til barnevernstenesta i 2015 iflg. Barnevernsleiar. Dette gjekk og fram av rapportering til SSB. I rapportering til Fylkesmannen for 1.halvår viste denne 7,5 stillingar, men berre 6,5 stillingar for 2.halvår 2015, og antek feilrapportering.

1.1 Tilsyn- Fylkesmannen

Fylkesmannen skal føre tilsyn med barnevernet i den enkelte kommune. Det vil seie at Fylkesmannen skal kontrollere at kommunane følgjer barnevernslova, gje kommunane råd og rettleiing og føre tilsyn med barnevernsinstitusjonane. Barnevernet rapporterer til Fylkesmannen to gongar i året, i tillegg kan Fylkesmannen kome på varsla tilsyn.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med oppfølging av born i fosterheim 14.02.2014. Totalkonklusjonen var at det ikkje var avdekt avvik eller grunnlag for merknader innanfor dei reviderte områda.

1.2 Målsetting og problemstilling

Formålet med prosjektet var å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer. Etter ønske frå ein rådmann vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS-sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vart følgd for den enkelte fosterheim. Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

Dette gir følgjande problemstillingar:

- 1 Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking ?
- 2 Fylgjer kommunen regelverket m.o.t. tilsynsførarrolla.
- 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
- 4 Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre

1.2 Revisjonskriterier

1.2.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

1.2.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova) 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedep., sist endra i 2014*
- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, Barne- og likestillingsdepartementet 2006.
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015* (*ikkje nytta pga kommunen ikkje har endra praksis)
- KS-satsar for utgiftsdekning og arbeidsgodtgjersle
- BUF etat sine retningslinjer for dekking av utgifter til fosterheim

2 METODE OG GJENNOMFØRING

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som vert nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Undersøkinga består av analyse av relevante dokument, rutinar og samtaler/ intervju ved behov.

Alle omsorgsovertakingar i kontrollperioden vart kontrollerte m.o.t. omfang av tiltak før og etter omsorgsovertaking, og om alle barna har hatt tiltaksplanar før omsorgsovertaking og vedteken omsorgsplan etter omsorgsovertaking. Vidare kontrollere om alle omsorgsborn vart fylgd opp av barnevernet i etterkant, og at tilsynsførarordninga fungerte. I den samanheng vart det nytta både saksmappene og utskrifter frå sakshandsamingssystemet Familia.

Sakshandsamingssystemet Familia:

Barnevernstenesta nyttar sakshandsamingssystemet Familia. Dette er eit elektronisk sakshandsamingssystem. Systemet skal omfatte heile sakshandsamingsprosessen, og inneheld ein del malar for dette arbeidet. Kontrollarbeidet bygg på rapportar frå systemet som igjen har gitt grunnlag for å gå i klientmappene.

Gjennomgang av klientmappene:

Det vart opplyst at all skriftleg dokumentasjon som gjaldt barnevernssakene låg føre i klientmappene. Klientmappene var godt organiserte med innhaldlister, og barnevernstenesta hadde gode arkivrutinar.

2.1 Verifisering av data

Rapporten vart etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt rådmannen for uttale 14.10.2016

2.2 Avgrensing

Prosjektet vart avgrensa til å gjelde saker som har ført til omsorgsovertaking i perioden 2013- 2015, men for å kartlegge tiltak før omsorgsovertaking har vi sett tilbake på tidlegare periodar.

Når det gjeld samanlikning mellom kommunane m.o.t. utbetaling av arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, samt kostnader til barnevernet etter funksjon vart dette avgrensa til å gjelde 2015.

3 PROBLEMSTILLING 1:

Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking?

3.1 Innleiing

Barnevernstenesta skal sørgje for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien når det er behov for det. Tiltak kan i verksettast når foreldre ber om hjelp på grunn av forhold i heimen, og som resultat av bekymringsmeldingar eller av andre grunnar. Typiske hjelpetiltak kan vere råd og rettleiing til foreldre, avlastningsheimar, støttekontakt/leksehjelp og evt. div økonomisk støtte. Det skal utarbeidast tiltaksplanar.

Omsorgsovertaking er berre aktuelt dersom barnet sin situasjon er alvorleg og hjelpetiltak i heimen ikkje vil vere tilstrekkeleg. Det skal utarbeidast omsorgsplanar. Vidare skal det vurderast fosterheim i familie eller nære relasjonar ved omsorgsovertaking. Akuttvedtak, dvs. midlertidig vedtak om å plassere barn utanfor heimen kan gjennomførast viss det er fare for liv og helse for barnet.

3.2 Revisjonskriterium

3.2.1 Tiltaksplan etter barnevernslova § 4-5

Tiltaksplan etter barnevernslova § 4-5:

Når hjelpetiltak vedtas, skal barneverntjenesten utarbeide en tidsavgrenset tiltaksplan. Barneverntjenesten skal følge nøye med på hvordan det går med barnet og foreldrene og vurdere om hjelpen er tjenlig, eventuelt om det er nødvendig med nye tiltak, eller om det er grunnlag for omsorgsovertakelse. Tiltaksplanen skal evalueres regelmessig.

Tiltaksplaner i barneverntjenesten – en veileder:

Tiltaksplanar er viktige virkemidlar for å sikre foreldre og barn god informasjon om korleis barnevernet forstår og vurderar deira sak. Ved at barnevernet underbygg openheit og dialog medvirkar dei til auka forutsigbarheit, noko som er eit vesentleg element i forhold til klientane si rettsikkerheit. Element som skal inngå i ein tiltaksplan: Situasjonsbeskrivelse, målbeskrivelse, tiltaktsbeskrivelse, tidsperspektiv og evaluering.

Når det er fatta vedtak om hjelpetiltak etter barnevernslova § 4-4 skal barnevernstenesta i kommunen utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan, jf. bvl. § 4-5. Planen skal gjere greie for dei tiltak som er sett i verk, føremålet med tiltaka og vidare plan for oppfølging av tiltaka. Planen bør derfor presisere når tiltak skal evaluerast og på kva måte evalueringa skal skje.

Tiltaksplanen er eit sjølvstendig dokument. Den er ikkje eit enkeltvedtak og skal heller ikkje vere ein del av et vedtak. *Lova føreset likevel at tiltaksplanen skal ligge føre samtidig med vedtaket og at det bør gå fram av vedtaket at tiltaksplan er utarbeida.*

3.2.2 Førebels og endeleg omsorgsplan etter barnevernslova § 4-15

Førebels og endeleg omsorgsplan etter barnevernslova § 4-15:

Allerede ved omsorgsovertakinga skal barneverntjenesten vedta plan for barnets omsorgssituasjon. Senest to år etter fylkesnemndas vedtak skal barneverntjenesten vedta en plan for barnets framtidige omsorgssituasjon som ikke skal endres uten at forutsetningene for den er falt bort

Føremålet med planane er å tydeleggjere kva føresetnader som ligg til grunn for omsorgsovertakinga og korleis barnet skal følgjast opp. For barn over 18 år skal det også utarbeidast ein framtidig plan (krev samtykke frå barnet)

Rettleiar for tiltaks- og omsorgsplanar går det vidare fram:

Selv om barneverntjenesten ikke er pålagt i barnevernsloven å legge fram utkast til foreløpig omsorgsplan for fylkesnemnda, anbefales en slik praksis. Som et siste punkt i saksframlegget vil den foreløpige omsorgsplanen kunne ha en viktig funksjon ved at den klargjør og oppsummerer hvilke intensjoner barnevernstjenesten har når det foreslår omsorgsovertakelse og plassering utenfor hjemmet. Planen vil danne utgangspunkt for barneverntjenestens forslag.

3.2.3 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim – omsorgsbarn

Det går fram av fosterheimsforskrifta § 7 først ledd at barnevernstenesta i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen.

Oppfølginga skal skje minimum 4 gongar pr. år. Om barnevernet har vurdert forholda i fosterheimen som gode kan ein vedta at antal besøk skal reduserast til minimum 2 gongar i året for barn som har vore plasserte i meir enn to år.

3.2.4 Forskrift om politiattest

Forskrift om politiattest § 3, § 4 og § 8:

Barneverntjenesten skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra støttekontakter og andre som utfører oppgaver for barneverntjenesten som ledd i hjelpetiltak etter lovens § 4-4.

Det går fram av § 3 at politiattest gjeld og for fosterforeldre og personer som tek i mot barn som heildøgns avlastningstiltak i sin private heim.

Vidare går det fram av § 8 at politiattesten skal av kontrollomsyn oppbevarast av det organ eller institusjon som etter forskrifta er ansvarleg for å krevje politiattest framlagt. Politiattesten skal oppbevarast forsvarleg og på ein slik måte at uvedkomande ikkje får tilgang til den. Politiattesten skal oppbevarast så lenge vedkomande har stillinga eller oppdraget.

3.2.5 Oppsummering

- Ved vedtak om hjelpetiltak skal barnevernstenesta utarbeide ein tiltaksplan og tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig.
- Det bør ligge ved førebels omsorgsplan i saksframlegget til Fylkesnemnda. Etter vedtak i Fylkesnemnda om omsorgsovertaking skal det utarbeidast ein endeleg omsorgsplan for barnet seinast to år etter at omsorgsovertakinga fann stad, under føresetnad at førebels omsorgsplan ligg føre.
- Barnevernstenesta skal føre tilsyn med fosterheim og omsorgsbarn minimum 4 gonger pr. år dei to første omsorgsåra, deretter kan det vedtakast oppfølging 2 gonger pr. år
- Alle som utfører hjelpetiltak, eller omsorgsvedtak skal legge fram politiattest, og politiattest skal oppbevarast forsvarleg så lenge vedkomande er i stillinga/oppdraget

3.3 Hjelpetiltak og tiltaksplanar- fakta

3.3.1 Hjelpetiltak og tiltaksplanar - rapportering til Fylkesmannen

	2015		2014		2013	
Herøy kommune	2.halvår	1.halvår	2.halvår	1.halvår	2.halvår	1.halvår
Antal barn med hjelpetiltak	69	72	70	81	81	77
Antal barn med tiltaksplan	61	71	70	81	81	75
Antal barn under omsorg	10	9	9	8	7	11
Antal barn med omsorgsplan	10	8	9	8	7	11
Antal barn utan omsorgsplan	0	1	0	0	0	0

Fylkesmannen si rapportering for 2.halvår 2015 viste at 88 % av barn med tiltak har tiltaksplan og 100 % av barn under omsorg har omsorgsplan.

Kostra-rapporteringa for 2015 var ikkje i samsvar med dette, då denne viste at 82% av barn med tiltak hadde tiltaksplan og 90 % av barna under omsorg hadde omsorgsplan. Følgjeleg var det avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til SSB

3.3.2 Hjelpetiltak før omsorgsovertaking

Kommunen hadde 6 omsorgsovertakingar i kontrollperioden og tiltaksperioden med hjelpetiltak før omsorgsovertaking varierte både i omgang (antal tiltak) og i tidsperiode jfr. Oversikt/tabell nedanfor. I tillegg vart 1 barn akuttplassert i beredskapsheim vinteren 2015, men omsorgsovertaking ikkje gjennomført i kontrollperioden.

Omsorgsovertakelser i perioden 2013-2015 - tiltak før omsorgsovertaking

Tiltaks-perioden	Tiltaksplan	Beredskapsheim	Besøksheim	Barnehage SFO/støtte kontakt	Råd og veil	Ansvarsg ruppe	Tilsyn i heimen	Frivilling tilsyn i heim	Øk.hjelp, og andre tiltak	Antal tiltak før omsorgsover takelse
2010-2015	x	x	x	x	x	x			x	7
2011-2014	x				x		x	x	x	4
2011-2015	x		x		x	x			x	8
2013-2014	x	x		x					x	3
2013-2015	x		x	x					x	3
2013-2014	x	x		x					x	3
2015		x								1

Det går fram av tabellen ovanfor at tiltaka har vore forskjellige; barnehage/SFO, besøksheim, støttekontakt, råd og veileining, ansvarsgruppe, div økonomiske tiltak som ferie, utstyr, klede, og andre tiltak som PMTO. Beredskapsheim vert ofte brukt etter akuttvedtak og fram til det ligg føre vedtak i fylkesnemnda.

Det låg utanfor dette prosjektet å vurdere innhald i tiltaksplanar, og kor ofte desse har vorte revurderte.

3.3.3 Hjelpetiltak etter omsorgsovertaking

Omsorgsovertaker i perioden 2013-2015 - tiltak etter omsorgsovertaking

Omsorgsovertaking	Fosterheim fam./nettv	Fosterheim utenom familie	Frikjøp av fosterheim	Besøks heim	Barnehage SFO/Støttekontakt	Ansvar gruppe	Samvær	Andre tiltak	Førebels omsorgs plan	Omsorgs plan
2014		x	x	x		x	x			2015
2014		x	x	x	x	x	x		2014	2015
2015		x				x	x		2015	
2014		x	x i starten	x	x		x		2014	2015*
2015	x			x	x		x			2015
2014		x	x i starten	x				x	2013	2015

* revurdert førebels omsorgsplan 01.01.2015, og endeleg omsorgsplan frå 01.01.2016

Oversikta viser dei tiltak som barnevernet hadde sett i verk etter omsorgsovertaking. Det går fram alle fosterfamiliane har støtte i besøksheim til barna, og fleire har ekstra støtte ved frikjøp frå arbeid og andre økonomiske tiltak. Vidare går det fram samvær med barna og at det låg føre omsorgsplanar.

Barnevernet har og ansvar for å involvere biologiske foreldra på ein slik måte at det er semje om barnet sitt beste også når det gjeld fosterheimsarbeid. Dei biologiske foreldra er i ein vanskelege og emosjonell situasjon, og kan føle seg umyndiggjort og makteslause når dei vert fråteken omsorgsfunksjonane. Barnevernstenesta har derfor ei plikt til å følgje opp foreldra etter ein omsorgsovertaking.

3.3.4 Barnevernet sitt oppfølgingstilsyn med fosterheim

Barnevernet skal føre tilsyn med fosterheimen for å vurdere om denne fungerer til det beste for barnet. Kommunen hadde 9 omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim ved utgangen av 2015, derav 6 nye i kontrollperioden 2013-2015. I tillegg hadde kommunen 3 omsorgsbarn på ettervern. Sistnemnde er ei frivillig ordning for fosterbarn >18 år, men der kommunen dekkar utgiftene med ordninga.

Kommunen hadde 3 omsorgsbarn plasserte i kommunen og 6 omsorgsbarn plasserte i andre kommunar og tabellen nedanfor viser barnevernet sine antal oppfølgingsbesøk av fosterheimen. Tala bygg på registreringsjournal i Familia og klientmapper, men iflg barnevernsleiar har ikkje kommunen vore bevisst måten å registrere og dokumentere oppfølgingsbesøk på, og dette vil bli endra frå 2016.

Barnvernet sine fosterheimsbesøk Omsorgsbarn Herøy kommune

Barn	Omsorgs- overtaking	Plassering fam/nær rel.	Opphalda- kommune	2015	2014	2013
1 *	2009	utenom fam.	Haram	1	2	
2 *	2011	utenom fam.	Haram	1	2	
3	2014	fam/utenom fam.	Herøy	3	2	i.a.
4	2014	utenom fam.	Ålesund	4	4	i.a.
5	2015	utenom fam.	Trondheim		i.a.	i.a.
6	2014	utenom fam.	Sande	3	3	i.a.
7	2014	familie	Herøy	3	1	i.a.
8	2013	utenom fam.	Hareid	4	4	
9	2015	utenom fam.	Herøy	1	i.a.	i.a.

i.a. - ikkje aktuelt pga at kommunen ikkje hadde teke over omsorga på dette tidspunkt

* Red fosterheimstilsyn av BV pga budd lenge i same fosterfamilie, kan reduserast frå 4 til 2 pr år

Vidare går det fram når plasseringa fann stad, plassering i fosterfamilie i familie/nære relasjonar eller utanom familie. I dei høve rubrikken er blank er det ikkje gjennomført tilsyn av barnevernet i kommunen.

3.3.5 Politiattest

Kommunen sitt intern kontrollsystem tilseier at det skal innhentast politiattest for fosterheimar, besøksheimar og tilsynsførarar mv. Vidare skal barnevernet registrere mottak av politiattest i personen sitt «forbindelse bilde» i fagsystemet Familia (mottaksdato) og sende den til personalkontoret for registrering i personalsystemet og oppbevaring. I flg personalavdelinga er rutinen at alle politiattestar vert makulerte, då personalkontoret hevder at Fylkesmannen ved sitt tilsyn har gitt beskjed om at desse skal makulerast etter mottak.

3.4 Vurdering

Tiltak før omsorgsovertaking- tiltaksplanar:

Av rettleiaren frå BLD (Barne- og likestillingsdep.) går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar; den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måtar gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særskild viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp. Planane gir auka forutsigbarheit, noko som er eit vesentlege element i forhold til barna sin rettstryggleik.

Barnevernstenesta i Herøy hadde utarbeida tiltaksplanar for alle dei 6 borna som vart omsorgsovertakte i kontrollperioden 2013-2015. Tiltaksplanane hadde vore regelmessige vurderte/justerte, det hadde vore forskjellige tiltak ved nokre av borna, så det kan tyde på at tiltak og tiltaksplan hadde blitt nytta aktivt for dei dette gjaldt.

Tiltak etter omsorgsovertaking:

Kontrollen viste at barnevernstenesta hadde etablert tilfredstillande rutinar kring utarbeiding av omsorgsplanar, eller førebelse omsorgsplanar der endeleg avgjerd ikkje var gjort vedtak om. Omsorgsplanar eller føreløpige omsorgsplanar låg føre rettidig.

Det låg føre ein del dokumentasjon i klientmappene/fagsystemet som var retta mot biologiske foreldre/heim. Dette gjaldt hovudsakleg kommunikasjon og møter i høve samvær, men og ved nokre høve oppfølging av tiltak og tilbod om oppfølging. I flg adm. har dei rutinar der dei tek kontakt for å vere disponible viss dei treng hjelp i ei eller anna form, men som oftast er ikkje dette ønskeleg, men dei har kontakt i forbindelse med samvær.

Barnevernet i Herøy er ein del av avd. Barn, familie og helse, ei tverrfagleg avdeling og samarbeider på tvers, og denne organiseringa kan vere hensiktmessig m.o.t. at mulege tilbod om hjelpetiltak kan kome frå anna avdeling og ikkje direkte frå barnevernstenesta som dei biologiske foreldra kanskje har fått eit anstrengt forhold til. Dokumentasjonen av oppfølginga utover oppfølging i høve samvær kunne vore betre.

Kontrollen viste at 2 av omsorgsbarna i kontrollperioden vart plassert i fosterheim innan familien/nær relasjon, men der ein av desse vart flytta til ny fosterheim utanom familien.

Oppfølgingsbesøk:

Barnevernstenesta hadde ikkje oppfylt kravet om tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk for alle omsorgsbarna. I flg. kartlegginga som registrert i tabellen s 16 viser denne at nokre har hatt dei rettmessige oppfølgingsbesøk (4 besøk i fosterheim/barnet, alt. 2 besøk for dei som har vore plasserte i meir enn to år viss det er vurdert som fosterheimen/ omsorgsbarn fungerer tilfredstillande), og alle har hatt besøk i kontrollperioden.

Oppfølgingsdekninga totalt utgjorde ca 75 %, men der enkelte barn hadde 100% oppfølging medan andre hadde berre 50%. Men oppfølgingsdekninga i Herøy var betre enn i samanliknbare kommunar. Iflg administrasjonen har dei allereie teke tak i dette, og tilstrekkeleg oppfølging skal vere på plass i 2016.

Politiattest:

Kontrollen synte at rutinen kring innhenting av politiattest fungerte så langt det var muleg å kontrollere ved registrering innlagt i personalsystemet , men politiattestane vart makulerte fortløpande og etterprøving var derfor ikkje muleg. Herøy kommune har plassert sine omsorgsbarn også i andre kommunar, og tilsynsansvaret ligg til opphaldskommunen og ingen krav til at omsorgskommunen skal bli orientert om innhenta politiattestar. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere desse kommunane sine rutinar.

Iflg forskrifta skal politiattestane oppbevarast så lenge vedkomande er tilsett i oppdraget. Kommunen sin praksis med makulering er såleis ikkje i samsvar med regelverket.

3.5 Konklusjon

Kommunen hadde 6 omsorgsovertakingar i kontrollperioden, og ingen barn var tilbakeført i kontrollperioden. 2 barn vart plassert i familie/familienære relasjonar, men ein av desse flytta til ny fosterheim. Det var etablert tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, og utifrå saksbehandlingssystem har desse blitt revurderte. Det vart i dei fleste

omsorgsovertakingar i kontrollperioden sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking, og det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.

Omsorgsplanar eller førebelse omsorgsplanar var rettidig utarbeidd i høve omsorgsovertaking. Det var i tillegg etablert ein del tiltak i høve fosterheim/barnet, spesielt retta mot besøksheim og økonomisk støtte. Det låg føre ein del dokumentasjon i klientmappene/fagsystemet som var retta mot biologiske foreldre/heim, hovudsakleg retta mot samvær.

Kommunen hadde pr. 2015 totalt 9 omsorgsbarn, og berre 1 av omsorgsborna var plassert innan familien/nære relasjonar.

Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då fleire av barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Oppfølgingsdekninga var 75%, men dette er betre enn kommunar det er samanliknbare med.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar, der Herøy kommune er oppdragsgivar var innhenta jfr registrering i saksbehandlarsystem, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld oppbevaring. Iflg nye retningslinjer er rutinen no endra.

4 PROBLEMSTILLING 2: Følger kommunen regelverket m.o.t tilsynsførarrolla ?

4.1 Innleiing

Tilsyn og kontroll i høve barn i fosterheim er ei svært viktig oppgåve for barnevernet og tilsynsførar. Dette for å følge opp korleis barnet har det etter at det er fatta vedtak om omsorgsovertaking og vert plassert i ny heim/institusjon. Kontrollen omfattar rutinane kring regelmessig tilsyn og kontroll ved fosterheimen, samt tilsynsførar si rapportering til barnevernet. Barnevernet i fosterheimskommunen har ansvar for at tilsynsførar vert oppnemnd, og at dei utfører tilstrekkeleg med lovpålagte tilsyn, men og at tilsynsførarordninga fungerer for kommunen sine egne omsorgsborn som er plasserte i andre kommunar.

Tilsynsførar skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både fosterfamilie og barnevern, og er i tillegg til barnevernet sitt eige oppfølgingsansvar.

Rapporten tek utgangspunkt i fosterheimsforskrifta som var gjeldande fram til 2014, då kommunen ikkje hadde endra praksis.

4.2 Revisjonskriterium

4.2.1 Tilsynsførar- tilsyn med barn i fosterheim

Det er barnevernstenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, og skal umiddelbart etter fosterheimsplassering oppnemne tilsynsførar. Alle born som er plassert i fosterheim skal ha ein tilsynsførar, og det skal gjennomførast tilsyn frå det tidspunktet omsorgsovertakinga skjer fram til barnet har fylt 18 år. Ved oppnemning av tilsynsførar bør barn over 7 år få høve til å uttale seg før tilsynsførar vert valt.

Tilsynet har som formål å kartlegge og vurdere korleis fosterheimen fungerer og omsorga barnet får i fosterheimen, for å sjå om føresetnadane for plasseringa vert følgt opp.

Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig og minimum fire gongar pr. år. Første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering, og anbefalt innan 14 dagar. Tilsynsførar skal etter kvart besøk skrive rapport frå besøket. Rapporten skal sendast til barnevernstenesta i den kommunen som har ansvaret for at tilsyn vert utført. Dersom dette er ein annan kommune enn omsorgskommunen skal det sendast kopi til omsorgskommunen.

4.2.2 Tilsyn med barn plassert i institusjon

I forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjon går det fram av § 3 at «fylkesmannen i det fylket institusjonen ligger har ansvaret for at det blir ført tilsyn i overensstemmelse med

denne forskriften». Tilsynsmyndigheita skal sjå til at institusjonen tek i vare dei føresetnader som ligg til grunn i barnevernstenesta eller fylkesnemnda sine enkeltvedtak for det enkelte barn. Ved tilsynet skal tilsynsmyndigheita ha kontakt med det enkelte barn, og når alder/modning tilseier det skal barnet spørjast om sitt syn på opphaldet.

Det skal vere minst fire besøk pr. år, derav to uanmeldt. Tilsynsrapport skal sendast institusjon og statl. regional barnevernsmyndigheit, og omsorgskommune får ingen rapport.

4.2.3 Tilsynsførar – uavhengigheit, politiattest og rapportering

Av Retningslinjer for fosterhjem kap. 12 går det fram av 12.3 at:

Tilsynsføreren skal ha en uavhengig rolle i forhold til barneverntjenesten og fosterforeldrene, jf. fosterhjemsforskriften § 8, tredje ledd. Det er barneverntjenesten som oppnevner tilsynsførere og tilsynsførerordningen er administrativt knyttet til barneverntjenesten. Ut over dette bør tilsynsfører ikke ha noen tilknytning til barneverntjenesten. Det er således som en hovedregel ikke adgang til å oppnevne ansatte i barneverntjenesten som tilsynsførere. Rent unntaksvis, dersom det ikke er mulig å finne kvalifiserte tilsynsførere som ikke har tilknytning til barneverntjenesten, vil det kunne være mulig å oppnevne en tilsynsfører som er ansatt i barneverntjenesten. Det er som en hovedregel heller ikke adgang til å oppnevne slekt, venner eller bekjente av fosterforeldrene som tilsynsførere.

Fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 gir vidare informasjon om korleis tilsynet skal utførast.

Tilsynsførar krav til politiattest

Forskrift til politiattest § 4:

Kommunen skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra personer som skal utøve tilsyn med barn i fosterhjem etter barnevernloven § 4-22.

Tilsynsrapportar - innhald:

Krav til innhald i tilsynsrapportane er heimla i fosterheimsforskrifta § 9. Rapporten skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon, og kva forhold vurderingane bygger på, og om det har vore samtaler med barnet (det skal leggst til rette for samtale utan at fosterforeldra er tilstade).

4.2.4 Oppsummering

- Barn i fosterheim skal ha oppnemnd tilsynsførar, og det skal gjennomførast minimum fire tilsyn pr. år av tilsynsførar. Når barnet har fylt 15 år kan tal besøk reduserast til 2 gongar pr. år forutsatt at omsorgskommunen har samtykka
- Barn plassert i institusjon har ikkje krav om eigen tilsynsførar, men Fylkesmannen i institusjonskommunen har ansvar for tilsyn med institusjon og barn. Tilsynsrapport går til statleg regional barnevernsmyndigheit
- Det skal skrivast rapport frå tilsynsbesøket i fosterheim, og som skal gå til omsorgskommunen
- Tilsynsførar bør ikkje ha tilknytning til barnevernet eller fosterforeldre
- Tilsynsførar må legge fram politiattest
- Tilsynsrapportane skal innehalde ei vurdering av barnet sin situasjon. Kva forhold desse vurderingane bygg på, og om det er lagt til rette for åleine samtalar med barnet.

4.3 Tilsynsførarordninga - fakta

4.3.1 Kontroll av tilsynsførarordninga

Kommunen har tilsynsansvar for 16 barn pr. 31/12-2015, av dette 3 omsorgsbarn frå Herøy kommune og 13 barn frå andre kommunar.

Kommunen hadde plassert 6 omsorgsbarn i andre kommunar og desse har fått oppnemnd tilsynsførar av fosterheimskommunen. Barnevernstenesta har også eit eige tilsynsansvar med fosterheimen i desse tilfella (sjå eige pkt 3.3.4)

Tabellen nedanfor viser tilsynsbesøk utført av oppnemnd tilsynsførar:

Tilsynsbesøk - tilsynsbarn i Herøy kommune

Barn	Omsorg overtaking	Tilsyns- kommune	Omsorgs- kommune	Uavhengig	Politiattest	2015	2014	2013
10	2005	Herøy	Fræna	*	x	1	1	4
11	2015	Herøy	Volda	*	x	i.a.	i.a.	i.a.
12	2011	Herøy	Ulstein	*	x	4	4	4
13	2009	Herøy	Sula	*	x	1	2	3
14	2008	Herøy	Stranda	*	x	3	4	2
3	2015	Herøy	Herøy	*	x		i.a.	i.a.
15	2010	Herøy	Haram	*	x	4	3	3
16	2012	Herøy	Ålesund	*	x	2	3	4
17	2012	Herøy	Larvik	*	x	1	2	3
18	2012	Herøy	Ålesund	*	x	2	3	3
7	2014	Herøy	Herøy	*	x			i.a.
19	2013	Herøy	Sula	*	x	5	4	1
20	2013	Herøy	Sula	*	x	2		
21	2014	Herøy	Ørskog	*	x	4		
22	2014	Herøy	Ålesund	*	x	4	i.a.	i.a.
9	2015	Herøy	Herøy	*	x			i.a.

* Det er ikkje etablert rutiner for å dokumentere uavhengigheitsvurdering

Tilsyn - omsorgsbarn i andre kommuner

Barn	Omsorg overtaking	Tilsyns- kommune	Omsorgs- kommune	Uavhengig	Politiattest	2015	2014	2013
1	2009	Haram	Herøy	1)	2)	2	1	1
2	2011	Haram	Herøy	1)	2)	2	1	1
4	2014	Ålesund	Herøy	1)	2)	2	1	
5	2015	Trondheim	Herøy	1)	2)	i.a.	i.a.	i.a.
6	2014	Sande	Herøy	1)	2)	4	1	i.a.
8	2015	Hareid	Herøy	1)	2)	2	i.a.	i.a.

1) Kontrollen ligg til fosterheimskommunen

2) Kontrollen ligg til fosterheimskommunen

4.4 Vurdering

Tilsynsbesøk:

Kommunen hadde i 2015 tilsynsansvar for 16 barn (tilsynsbarn) som var plasserte i Herøy.

Alle tilsynsbarna som var plasserte i Herøy hadde oppnemnd tilsynsførar.

Tilsyn av uavhengig tredje person er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Tilsynsførarar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året.

Kontrollen avdekka at berre halvparten har hatt tilfredstillande med tilsynsbesøk i 2015.

Oversikta viser at tre barn ikkje har hatt tilsyn etter omsorgsovertaking, tilsyn som skulle vore utført i 2015. Dessutan var det fleire born som hadde berre hatt 1 og 2 tilsyn – og som var under 15 år. Ved eit høve i 2013 gjekk det svært lang tid før det vart oppnemnd tilsynsførar, og berre 2 besøk i 2015. Dette er svært uheldig og viser til veileidar som tilseier tilsynsbesøk helst innan 14 dagar etter omsorgsovertaking/ny fosterheim.

Herøy kommune hadde plassert 6 barn i andre kommunar. 2 av barna hadde ikkje hatt tilfredsstillande tilsyn frå fosterheimskommunen, berre 1 tilsynsbesøk i både 2013 og 2014, og 2 tilsynsbesøk i 2015. Herøy kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar der borna er plasserte i andre kommunar, og ein må anta at det derfor ikkje er gjennomført fleire tilsynsbesøk enn det som var registrert. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande rapportar/tilsyn hos fosterheimskommunen, då det er denne sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Tilsynsførarordninga – uavhengigheit - politiattest

I flg. fosterheimsforskrifta skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Barnevernsleiar opplyste at dei ikkje hadde noko system for å dokumentere tilsynsførar si uavhengigheit, men dei hadde rutine for å stille spørsmål i høve dette før tilsynsførar vart oppnemnd. Det var derfor uråd å kontrollere om tilsynsførar var tilstrekkeleg uavhengig. Barnevernsleiar ville undersøke om det var ein mal som kunne nyttast, evt. ta dette opp med andre i barnevernsnettverket.

Barnvernet hadde etablert rutine kring innhenting av politiattest av tilsette/oppdragstakarar som skal utøve tilsyn med barn i fosterheim. Politiattest vert registrert i fagsystemet og sendt til personalavdeling for registrering og oppbevaring saman med tilsetjingsavtalar. Kontrollen avdekka at politiattestar ikkje vart oppbevart i samsvar med forskrifta, dvs oppbevart så lenge vedkomande har oppdraget, men vart makulert etter registrering.

Tilsynsrapportar:

Rapportane skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon. Det skal gå fram kva vurderingane av barnet sin situasjon bygg på, og om det har vore samtaler med barnet. Det skal leggjast til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er tilstade, når alder og kommunikasjon gjer dette muleg. Det vart brukt forskjellige malar av tilsynsførarane, der det var ferdig

utarbeida ledetekstar. Ikkje alle dekte krava til innhald i rapportane, m.a. mangla det i enkelte tilfelle opplysningar om kor vidt det hadde vore samtalar med barnet utan andre tilstade. Enkelte rapportar var «tynne» medan andre var fyllestgjerande, og dette skilde seg frå tilsynsførarar til tilsynsførarar. Barnevernet bør følgje opp at rapportane har tilfredstillande innhald slik at barnevernet som har omsorgsansvar kan vurdere om fosterheimen fungerer tilfredstillande .

4.5 Konklusjon

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Herøy kommune vart ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då over halvparten av tilsynsborna ikkje hadde fått dei rettmessige tilsyna i kontrollperioden. Det same gjaldt kommunen sine omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar. Barnevernstenesta må derfor skjerpe rutinane kring oppfølging av tilsynsførarar.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vart ikkje dokumentert eigenvurderingar eller annen dokumentasjon m.o.t. vurdering av tilsynsførarar si uavhengigheit til barnevern og fosterforeldre, og det var derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane var tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Rutinen kring innhenting av politiattestar fungerte tilfredsstillande med omsyn til registrering, men ikkje når det gjaldt oppbevaringsplikta av politiattesten så lenge vedkomande var i oppdraget/stillinga jfr forskrift om politiattest § 8.

5 PROBLEMSTILLING 3:

Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - følger kommunen regelverket

5.1 Innleiing

Kommunane sentralforbund (KS) gir kvart år ut veileiande satsar for arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning. Arbeidsgodtgjersla er skattepliktig for mottakar, men utgiftsdekninga er skattefri forutsett at ein nyttar KS sine satsar. Utbetaling utover KS-satsar må dokumenterast særskilt, og grunngjevast. Vi har registrert at det vert utbetalt fosterheimsgodtgjersle utover KS-satsar, og etter innspel vert det kartlagt omfanget av dette, og evt. bruk av frikjøp i arbeid i staden for arbeidsgodtgjersle. Kontrollen er avgrensa til å gjelde berre utbetalingar for 2015.

5.2 Revisjonskriterium

KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2014

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 766	7 440	12 206
6-11	5 920	7 440	13 360
11-15	6 470	7 440	13 910
15 år og eldre	7 030	7 440	14 470

KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2015

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 870	7 600	12 470
6-11	6 040	7 600	13 640
11-15	6 600	7 600	14 200
15 år og eldre	7 175	7 600	14 725

I flg. BUF dir. (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) kan det i ei overgangsperiode vere behov for forsterking og tettare oppfølging av barnet ved t.d. frikjøp frå arbeid for fosterforeldre. Det går fram av eksempelsamling at det dette er å vurdere som arbeidsgodtgjersle og er skattepliktig.

5.3 Fakta

I utgangspunktet skulle undersøkinga belyse totale kostnader pr. fosterbarn, og samanlikning mellom kommunane, men dette var ikkje muleg då det var berre Herøy kommune som hadde god oversikt over dette. Herøy kommune brukar ikkje økonomidelen av Familia, og heller ikkje mulegheitene som er i Agresso der arbeidsgodtgjersle og

utgiftsdekning vert registrert fortløpande, men dei fører manuelle «klientkort». Dette fører til dobbeltarbeid/ekstraarbeid, men barnevernstenesta har tilfredstillande kontroll på utgiftene pr. barn. Det var litt ymse korleis dette vart gjort i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre og samanlikninga vart derfor avgrensa til utgiftsdekning, arbeidsgodtgjersle og frikjøp i arbeid så langt dette var muleg, og utbetaling utover KS-satsar.

KS kjem med nye satsar gjeldande frå 1.juli kvart år. Tabellen nedanfor viser fosterheimsgodtgjersle etter statens satsar, kommunen si utbetaling av fosterheimsgodtgjersle og frikjøp av fosterheim som er utbetalt direkte eller til arbeidsgivar. Det er teke omsyn til antal månader for dei som har hatt redusert år. Oppstillinga viser også med godtgjersle til fosterheimar etter frivillig plassering, sjølv om dette vert definert som hjelpetiltak.

Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - Herøy barnevern

2015

Barn	KS-sats arb.godtgj.	KS-sats utg.dekn	arb.godt	utg. dekn.	Frikjøp	Diverse Reise/bhage støtte/besøk	Arbeid/frikjøp utg.dekning pr barn	Sum kostnad pr barn	Arb/frikjøp/ utg.dekn utover KS-sats
1	90240	71760	203596	75120	134760	28092	413476	441568	251476
2	90240	78240	90240	75120	131225	0	296585	296585	128105
3	91200	72480	97840	77800	336471	68736	512111	580847	348431
4	90240	58440	93162	59688	0	71661	152850	224511	4170
5	0	0	0	0	0	373394	0	373394	0
6	90240	57816	90240	57816	522298	55331	670354	725685	522298
7	90240	57816	90240	57816	8149	77275	156205	233480	8149
8	90240	71760	90240	71760	16574	27300	178574	205874	16574
9	16503	17480	20103	18979	0	16458	39082	55540	5099
Sum	649143	485792	775661	494099	1149477	718247	2419237	3137484	1284302
Rekneskap			14222278	1017055					

Tabellen ovanfor viser kommunen sine utgifter i 2015 til arbeidsgodtgjersle, utgiftdekning, frikjøp av arbeidstid, besøksheim og andre støtteordningar til dei 9 barna som kommunen hadde overteke omsorga for. Totalt utgjorde dette kr 3.137.784,-.

Arbeidsgodtgjersle, utgiftsdekning og frikjøp frå arbeid utgjorde tilsaman kr 2.419.237,-.

Dersom kommunen hadde nytta KS-sine satsar ville dette kosta kommunen kr 1.134.935,-, dvs det vart utbetalt arbeidsgodtgjersle/frikjøp og utgiftdekning med kr 1.284.302,- utover KS sine anbefalte satsar. I tillegg kjem div. andre økonomiske støttebidrag til fosterfamilien, jfr kolonne 7 i tabellen ovanfor.

I tillegg viser kommunerekneskapen utbetalt arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning til 2 personar på ettervern, med kr 414.936,- i arbeidsgodtgjersle og kr 191.135 i utg. dekning.

Det er foreteke ei samanlikning mellom kommunane med omsyn til utbetalningar utover KS-satsar for å sjå om det er rimleg lik praksis av regelverket. Kostnaden pr. barn i Herøy inneheld både arbeidsgodtgjersle og frikjøp frå arbeid, og dette inngår ikkje for dei andre kommunane pga dei ikkje fører klientkort eller anna registrering av denne kostnaden pr barn.

Arbeidsgodtgj. og utg.dekn utover KS-sater pr barn Kommunane på Søre Sunnmøre

Utbetaling til fosterfamilie	*barn	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	1	251476	91946	0	130904	386510	526714	181600
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	2	128105	229905	0	0	209551	533220	45120
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	3	348431	424122		353010	184130	87932	81462
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	4	4170	90240		492324	181680	140755	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	5	522298	0		172945	103478	320021	488190
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	6	8149	347728		172385	90240	360840	180360
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	7	16574	287080		220750	314556	208830	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	8	5099	-18180		220750	60582	198784	129450
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	9		242760		128064	61160	180480	65407
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	10		-17468		90240		82640	157680
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	11		-17468		137998		90240	329962
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	12		153966		52756		0	272678
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	13		-1385		93690		0	187908
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	14				22334		-73320	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	15				275712		246070	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	16				0		960	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	17				0			
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	18				280264			
		1284302	1813246	0	2844126	1591887	2904166	2119817
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats pr barn		160538	139480	0	158007	176876	181510	172343

* Barn plassert hos familie som ikkje mottek arb.g.gjersle er halde utanfor

** Kostnad pr barn i Herøy kommune innhald også frikjøp frå arbeid

5.4 Vurdering og konklusjon

Utbetaling /kostnader til fosterheimen i arbeidsgodtgjersle, frikjøp og utgiftsdekning utover KS sine satsar utgjorde i 2015 ca 1,3 mill og vart utbetalt til 8 fosterfamiliar. Herøy kommune betalte ikkje utgiftsdekning utover KS sine satsar, men utbetalte i tillegg 718` til kjøp av klede , utstyr, dekking av barnehage/SFO, feriereisetilskot o.l .

Når det gjaldt arbeidsgodtgjersle har det blitt utbetalt dobbelt og trippel KS- sats ved eitt høve, men kommunen har nytta frikjøp frå arbeid i tillegg til arbeidsgodtgjersle i 6 av 8 tilfelle. Det har ikkje vore undersøkt om ekstra arbeidsgodtgjersle er frikjøp frå arbeid pga tapt arbeidsinntekt eller om desse hadde arbeidsinntekt utanfor heimen i tillegg. Vi registrerte at det var « alminneleg» praksis at det vart utbetalt både for frikjøp og samstundes arbeidsgodtgjersle. I flg. BUF dir. skal frikjøpet dekke tapt arbeidsinntekt og erstatning for arbeidsgodtgjersle, slik at når fosterforelder er tilbake i arbeid skal det utbetalast ordinær arbeidsgodtgjersle viss ikkje særskilde grunnar tilseier noko anna.

Samanlikna med dei andre kommunane var gjennomsnittleg meirutbetaling utover KS-sats pr. barn i Herøy på ca 160`, og dette var lågare enn Ørsta og Volda, men høgare enn Ulstein og Hareid. Då det inngår i kostnadane for Herøy frikjøp frå arbeid, kan det tyde på at dei andre kommunane nyttar meir dobbel og trippel arb.godtgjersle, og det kan vere «skjulte» meirkostnader for desse kommune.

Herøy kommune har etablert rutinar for registrering av alle utgifter pr. fosterbarn jf. tabell s 25 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – Herøy kommune, kolonne 9, men dei andre kommunane på Søre Sunnmøre har ikkje slik registrering foreløpig. Tabellen viser at det vart utbetalt relativt store beløp til enkelte fosterheimar. Kommunen registrerer alle kostnader pr. barn med vedtak på manuelle klientkort, og det bør vurderast å nytte enten økonomisystemet Agresso (eigen spesifikasjon) eller økonomidelen i Familia for å unngå dobbeltarbeid.

6 SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE

Stillingar og nøkkeltal

6.1 Innleiing

Barnevernet i kommunane rapporterer til Fylkesmannen 2 gonger pr. år (pr 30.06 og 31.12.), og til SSB/KOSTRA ein gong pr. år (pr 31.12.) Rapporteringa til Fylkesmannen skjer ved at barnevernet legg tala inn i rapporteringsskjema som ligg på Fylkesmannen si heimesida. Rapporteringa til KOSTRA skjer ved innsending av kryptert fil frå fagsystemet.

6.2 Fakta

6.2.1 Stillingar

Barnevernstenesta er organisert som ein del av avdeling Barn, familie og Helse i kommunen. I kommunen si rapportering til Fylkesmannen gjekk det fram at kommunen hadde 6,5 stilling pr 2.halvår 2015, men 7,5 stilling 1. halvår 2015. For 2014 vart det rapportert 7,5 stillingar, men for 2013 er det rapportert 7,1 stillingar for 2.halvår og 6,5 stillingar for 1.halvår.

Nedanfor er det samanlikna innrapporterte tal til Fylkesmannen (raud) og KOSTRA (blå). Kontrollperioden er 2013-2015.

Rapportert Fylkesmann 2. halvår

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Årsmelding IK BV
2015	6,5	5	2	6,5	3,4	9,3	7,1	27,9	31,3
2014	7,5	5	2	6,5	3,4	8,3	6,1	25,9	
2013	7,1	4,4	2	6,5	3,4	7,6	6,4	24,9	

Rapportert KOSTRA

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Årsmelding IK BV
2015	7,5	6	2,4	7,5	3,4	10,3	8,1	31,9	31,3
2014	7,3	6	2,2	7,5	3,4	8,8	9,5	31,8	
2013	7,1	4,5	1,8	6,5	3,4	7,5	7,3	25,8	

Samanlikning mellom rapportering til SSB og til Fylkesmannen viser mindre avvik både i 2014 og 2015. I flg. Barnevernsleiar hadde tenesta i Herøy 7,5 stillingar i 2015.

Kommunane Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda gjekk saman i eit interkommunalt samarbeid frå 01.01.2014, administrert under rådmannen i Volda. Tabellen over viser kva den einskilde kommune rapporterte og samla sum. I flg. årsmelding for 2015 var det 31,3 stillingar til den lovpålagte barnevernstenesta. Dette var tilnærma som rapportert til KOSTRA, men høgere enn sum rapportert til Fylkesmannen. I tillegg hadde dei om lag 30 stillingar til arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta.

6.2.2 Nøkkeltal

I tillegg til stillingar vert enkelte nøkkeltal innrapportert både til Fylkesmannen og KOSTRA/SSB. Tabellane nedanfor viser nøkkeltal henta frå rapporteringa til Fylkesmannen (raud) og nøkkeltal frå KOSTRA/SSB (blå).

Samanlikning mellom tabellane viste avvik på dei fleste kontrollpunkt. Det var spesielt store avvik i rapporteringa for kommunane Ørsta og Hareid .

Nøkkeltal henta frå rapporteringa til fylkesmannen:

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. Barnevern	Årsmelding IKBV
Stillingar(fag+merkantil)	6,5	3,4	2	6,5	5	9,3	7,1	27,9	31,3
Gjennomgatte meldingar	53	23	21	44	70	65	82	261	
Henlagte meldingar	2	0	5	4	5	11	10	30	
Antal nye undersøkelser	51	23	16	40	65	54	72	231	255
Henlagte undersøkelser	23	15	3	22	38	27	48	135	
Vedtak om tiltak	19	15	6	12	17	35	27	91	
Total ant born i hjelpetiltak	69	16	20	47	29	85	74	235	169
Tiltaksplan	61	13	15	40	25	76	66	207	
Antal born under omsorg	10	7	2	16	15	12	14	57	59
Born med omsorgsplan	10	7	2	14	11	9	14	48	
Ant.born med tilsynsansvar	15	7	5	12	14	32	18	76	76
Akuttvedtak				2				2	

Nøkkeltal henta frå grunnlagsdata barnevern KOSTRA:

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern	Årsmelding IK BV
Stillingar(fag+ merkantil)	7,5	3,4	2,4	7,5	6	10,3	8,1	31,9	31,3
Antal nye meldingar	54	23	21	44	70	67	82	263	
Antal henlagte meldingar	2	0	5	4	6	11	10	31	
Antal nye undersøkelser	52	23	16	40	64	56	72	232	255
Henlagte undersøkelser	23	14	0	19	35	24	46	124	
Vedtak om tiltak	20	15	6	12	15	34	30	91	
Total antal barn i hjelpetiltak	70	16	20*	48	29	87	79	243	169
Barn med tiltaksplan	57	13	16	37	25	75	66	203	
Antal barn under omsorg	10	7	2*	15	16	14	13	58	59
Born med omsorgsplan	9	7		14	10	9	12	45	
Barn med tiltak nettv.sam	14	9	6		9	15	11	35	
m/andre tenester									

* Då Sande manglar Kostra-rapportering er rapportering til Fylkesmannen nytta

Vi har valt å nytte KOSTRA-rapporteringa som grunnlag for berekning av nokre nøkkeltal med unntak av Sande, der KOSTRA-rapportering manglar, og det vert nytta rapporterte tal til fylkesmannen.

Tabellen nedanfor viser anna relevant informasjon, som er henta frå KOSTRA-rapporteringa, og som vert nytta i våre berekningar for samanlikning av kommunane.

Informasjon jenta frå kommunane si KOSTRA-rapportering

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Antal barn med hjelpetiltak	88	29		65	42	115	94
Antal barn med omsorgstiltak	12	8		17	17	17	16
Antal barn med tiltak	100	37	25	82	59	132	110
Andel barn m /barnevernstiltak ift barn 0-17 år	5	6,2	5,1	3,9	4,9	6,8	4,6
Andel barn m /barnevernstiltak plassert 0-17 år	1,1	1,8		1,7	1,9	2,4	1,8
Innført intern kontroll i barneverntenesten	1	1	1	1	1	1	1
Benyttet brukarundersøkelse siste år	0	1	1	1	1	1	1
Barn 0-17 år	1999	595	487	2083	1207	1941	2375
Folkemengd	8972	3256	2559	8430	5189	9037	10677

Våre berekna nøkkeltal på bakgrunn av grunnlagsdata i KOSTRA- rapportering :

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel nye meldingar pr barn 0-17 år (%)	2,7	3,9	4,3	2,1	5,8	3,5	3,5
Undersøkelser pr årsverk	6,9	6,8	6,7	5,3	10,7	5,4	8,9
Born m/tiltak pr årsverk	9,3	4,7	8,3	6,4	4,8	8,4	9,8
Born under omsorg pr årsverk	1,3	2,1	0,8	2,0	2,7	1,4	1,6
Undersøkelser pr barn 0-17 år (%)	2,6	3,9	3,3	1,9	5,3	2,9	3,0
Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år (%)*	3,5	2,7	4,1	2,3	2,4	4,5	3,3
Antal barn under omsorg pr barn 0-17 år (%)	0,50	1,18	0,41	0,72	1,33	0,72	0,55

6.3 Vurdering og konklusjon

Det vart registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjaldt bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det vart vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjalt utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som hadde same tal i begge rapporteringane.

Når det gjaldt andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så hadde Ulstein lågast med 2,1 %, deretter Herøy med 2,7 %. Hareid hadde flest meldingar med 5,8 %. Hareid gjennomførte og flest undersøkingar pr. årsverk, 10,7, medan Herøy hadde 6,9 og Ulstein 5,3.

Born med hjelpetiltak var høgst i Volda med 4,5 % av barn 0-17 år, med Sande like under. Herøy hadde 3,5 % av barn i denne aldersgruppa på hjelpetiltak. Barn på hjelpetiltak pr. årsverk var høgst i Ørsta 9,8, og med Herøy tett under 9,3. Lågast var Vanylven og Hareid. Barn under omsorg er mest i Hareid med 1,33 % av aldersgruppe 0-17 år, Herøy blant dei lågaste med 0,5 %. Barn under omsorg pr. årsverk var og høgst på Hareid 2,7, medan Sande var lågast med 0,8. Herøy hadde 1,3 barn under omsorg pr. årsverk. Avvik mellom rapporteringane kan også gjere utslag i berekna nøkkeltal.

Dei fleste kommunane bør gå gjennom rapporteringane til hhv Fylkesmann og KOSTRA, og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering.


7 SAMANLIKNING KOMMUNANE

DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta

KOSTRA- tala i høve barnevernstenesta er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 244 «Barnevernsteneste», 251 «Barnevernstiltak i familien» og 252 Barnevernstiltak utanfor heimen». Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og tala i tabellane på neste side er henta frå kommunen sitt rekneskap.

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter til barnevern pr. innbyggjar i alderen 0-17år for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande hadde dei lågaste utgiftene knytt til tenesta medan Vanylven hadde dei høgaste. Herøy hadde også relativt låge utgifter samanlikna med fylket, landsgjennomsnitt og kommunane på Søre Sunnmøre som inngår i den interkommunale barnevernstenesta (Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda).

Tidsserie



7.1 Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala for 2015. På neste side går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 244 barnevernstenesta, 251 barnevernstiltak i familien og 252 barnevernstiltak utanfor heimen. Ein har også samanlikna desse rekneskapstala med utgiftene som er rapporterte til KOSTRA. Som siste kolonnen i tabellen viser, så er det differanse mellom rekneskapstala og kva som har vorte rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein hos Hareid og i Vanylven. Det er uklart kva som er årsaka til differansen, men kan ha samanheng feilrapportering.

Driftskostnader barnevern pr funksjon og pr innbyggjar 0-17 år

	Innbyggjarar 2015 0-17 år	244 Barneverns teneste	Pr. innbyggjar	251 Barneverntiltak i familien	Pr. innbyggjar	252 Barneverntiltak utanfor familien	Pr. innbyggjar	SUM (244+251+252)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarappor- tering
Herøy	2021	4 525 762	2 239	3 430 216	1 697	5 151 367	2 549	13 107 345	6 486	6 482	4
Ulstein	2054	5 774 382	2 811	1 334 936	650	11 062 408	5 386	18 171 726	8 847	8 723	124
Ørsta	2390	5 733 745	2 399	1 798 131	752	10 544 459	4 412	18 076 335	7 563	7 744	- 181
Volda	1971	4 773 617	2 422	432 269	219	10 077 151	5 113	15 283 037	7 754	7 889	- 135
Hareid	1136	3 564 773	3 138	667 154	587	5 830 273	5 132	10 062 200	8 858	8 209	649
Sande	494	1 163 156	2 355	497 944	1 008	397 503	805	2 058 603	4 167	4 230	- 63
Vanylven	617	1 930 212	3 128	334 680	542	4 505 804	7 303	6 770 696	10 974	11 400	- 426

244 Barnevernsteneste

Funksjon 244 gjeld kostnader til drift av barnevernstenesta, dette gjeld bl.a. sakshandsaming som vert gjennomført av tilsette eller personell som er engasjert i barnevernstenesta, barnevernsberedskap/barnevernsvakt, utgifter til sakkyndig bistand/advokat til utredning og saksbehandling, og utgifter til tolk. Herøy kommune brukte ca. 4,5 millionar, tilsvarande kr 2 239,- pr. innbyggjar i alderen 0-17år, og hadde dei lågaste kostnadane. Hareid og Vanylven hadde dei høgaste utgiftene pr innbyggjarar 0-17 år der begge kommunane hadde i overkant av kr 3 100,-. Sande hadde også låge kostnader på funksjonen med kr 2 355,-.

251 Barnevernstiltak i familien

På funksjon 251 går det fram utgifter til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til hjelpetiltak for barn og familie • Utgifter til plasser i sentre for foreldre og barn • Tiltaksstillingar i barnevernstenesta

Herøy hadde dei høgaste kostnadane både i kroner og pr. innbyggjar 0-17 år i forhold til nabokommunane. Herøy hadde ca. 3,4 mill. kr knytt til funksjonen som utgjorde kr 1 697 pr. innbyggjar. Ørsta, Volda Hareid og Ulstein hadde utgifter på mellom kr 219,- - 752,- pr. innbyggjar. Sande brukte kr 1 008, og i Vanylven kr 542 kr pr. innbyggjar 0-17 år. Det kan derfor sjå ut som at Herøy brukar mykje meir ressursar knytt til tiltak i heimen, enn dei andre nabokommunane.

252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet

Funksjon 252 viser utgifter til tiltak når barnet har plasseringstiltak frå barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til tiltak som fosterheim, akuttplassering, institusjon, bufellesskap. • Utgifter til hjelpetiltak satt i verk i tillegg til plassering • Tilsynsfører i fosterheim

Økonomisk rapportering viste motsett kostnadsbilde i forhold til funksjon 251. Herøy og Sande hadde dei lågaste utgiftene samanlikna med nabokommunane. Herøy brukte kr 2 549 pr. innbyggjar 0-17 år, men Sande brukte kr 805. Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda brukte alle ca. kr 4 400-5 400 pr. innbyggjar 0-17 år. Vanylven hadde dei høgaste kostnadane med kr 7 303. Det vart ikkje undersøkt årsaka til dei store forskjellane, om dette kan vere tunge enkeltsaker eller ein generell trend.

7.2 Vurdering og konklusjon

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viste at Herøy kommune nyttar meir pengar på hjelpetiltak i heimen enn dei andre kommunane på Søre Sunnmøre og som i større grad brukar ressursar på tiltak knytt til plassering av barnet.

Totale kostnader til barnevern i Herøy utgjorde kr 6 486,- pr. barn 0-17 år. Minst brukar Sande med kr 4 167,-, og Vanylven mest kr 10 974,-. Dei andre kommunane brukar kr 7 500,- - 8 900,-

Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggjande) får dette igjen i form av mindre ressursbruk på omsorgsovertakingar, og omsorgsovertaking kan vere kostbart jfr tabell nedanfor.

Tabellen nedanfor viser kommunane sine utgifter til hjelpetiltak (funksjon 251) og omsorgsplassering (funksjon 252) pr. barn under tiltak. Antal barn er henta frå KOSTRA-rapportering jfr tabell s 29 med unntak av Sande der rapportering til Fylkesmannen er lagt til grunn.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern
Antal barn med hjelpetiltak	70	16	20	48	29	87	79	243
Antal barn under omsorg	10	7	2	15	16	14	13	58
Utgifter til hjelpetiltak (251) pr barn med tiltak	49003	20918	24897	27811	23005	4969	22761	19637
Utgifter omsorgsplassering(252) pr barn under omsorg	515137	643686	198752	737494	364392	719797	811112	658199

Våre berekningar viser at Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak kr 4 969 pr. barn medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Når det gjeld utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112 pr. barn, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752 pr. barn. Herøy kommune nytta 515 137,- pr. barn under omsorg.

8 ANBEFALING

- 1 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 2 Det bør vurderast om regelverket vert tilstrekkeleg følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking
- 3 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 4 Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert innhenta og oppbevart i samsvar med regleverket.
- 5 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

9 RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

Rapporten er omfattande og gir eit utfyllande bilde av situasjonen innan dei reviderte områda innanfor barnevernet i kommunen. Kommunen er alt i gong med å arbeide med dei anbefalingane som har kome fram i rapporten.

Vi skulle også gjere sett at kommunane som har vore revidert, også vart direkte samanlikna under alle dei reviderte områda. Vi er likevel klar over at vi i etterkant, når alle rapportane ligg føre, kan samanlikne kommunane innan kvart reviderte område.

10 REVISJONEN SIN KOMMENTAR

Ingen

11 LITTERATURLISTE

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova) 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedep., sist endra i 2014*
- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, Barne- og likestillingsdepartementet 2006.
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015* (*ikkje nytta pga kommunen ikkje har endra praksis)